

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 19.06.2016
SAKSHANDSAMAR: Kst. administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Utredning organisering sjukehusapotekforetak**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 032/15

STYREMØTE: 23.06.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek framlagt mandat og framdriftsplan for prosjekt «Utredning av nasjonalt sykehusapotekforetak til orientering».

Oppsummering

Arbeidet med utgreiing av nasjonalt sjukehusapotekføretak er kome i gang og felles saksframlegg til styra i dei fire sjukehusapotekføretaka i Noreg er vedlagt til orientering.

Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF er representert i prosjektet med to deltakarar i styringsgruppa (Per Karlsen, Økonomi og finansdirektør i Helse Vest og styremedlem i Sjukehusapoteka Vest, og Toril Østvold, konserntillitsvald i Helse Vest) og to deltakarar i prosjektgruppa (Ola Rye, konstituert administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest og Linda Iren Baug Tjore, føretaksverneombod i Sjukehusapoteka Vest).

Styringsgruppa vedtok mandat for utgreiinga 6. juni og fyrste prosjektgruppemøte vart halde 14.juni. Tidsplan for vidare arbeid (sjå og vedlagde framdriftsplan);

Milepæl	Dato
Prosjektmandat godkjent av styringsgruppa	07.06.2016
Kartlegging av dagens situasjon gjennomført, gevinstområder identifisert og alternativ organisatorisk modell beskrevet	15.09.2016
Sluttrapport med anbefaling levert	06.10.2016
Sluttrapport behandlet i AD-møtet	31.10.2016

Arbeidet er no inne i fase 2 med innsamling av informasjon frå føretaka. Det skal gjennomførast intervju med 5 nøkkelpersonar frå sjukehusapotekføretaket og RHF –et i kvar region. Intervjua i vest skal gjennomførast 30.6 i Bergen. I tillegg vil det verte vurdert andre møter med mellom anna ressurspersonar innan IKT i regionane. Det skal gjennomførast i alt 5 prosjektgruppemøter;

Prosjektgruppemøter		
#1	14.06.2016	Kick-off
#2	29.06.2016	Målbilde og risikoanalyse
#3	22.08.2016	Nåsituasjon og framtidig organisering
#4	09.09.2016	Framtidig organisering
#5	26.09.2016	Sluttrapport

Prosjektgruppa arbeider med interessentanalyse og kommunikasjonsplan. Styringsgruppa skal sjå nærare på korleis forankring og eventuelt høyring i kvar region skal handsamast.

Kommentarar

I Sjukehusapoteka Vest er arbeid sett i verk med å legge til rette informasjon og planlegge og prioritere arbeidet med tilstrekkelege ressursar utan at dette skal påverke dagleg drift. Sidan sommarferien inngår i tidsplanen har prosjektet ein relativt kort tidshorisont. I denne perioden vil prosjektet verte prioritert fram for anna utviklingsarbeid om naudsynt.

Administrasjonen vil sjå til at styret vert orientert etterkvart som arbeidet skrid fram. I revidert årsplan for styret (sak 02516) er det lagt opp til styremøte 31. august og styremøte med styreseminar 5. oktober. På styreseminaret 5. oktober er strategi og organisering vektlagt. Med omsyn til framdrifta i prosjektet kan styreseminaret kome noko seint og etter handsaming av sluttrapport i prosjektgruppa og dagen før handsaming av sluttrapport i styringsgruppa. Administrasjonen vil sjå det som ein fordel om styret kan møtast, eventuelt gjennomføre styreseminaret, i perioden 12-23. september (veke 37 og 38).

Konklusjon

Sjukehusapoteka Vest legg prosjektmandat og prosjektplan til grunn for vidare arbeid og ser fram til å delta i arbeidet og bidra til at grunnlaget for vurdering av framtidig organisering av sjukehusapoteka i Norge vert best mogeleg.